

IKORNES OG SYKKYLVEN KYRKJELYD

Sykkylven, sist oppdatert 25.02.2025

Kjære, konfirmantar og føresette

Her er informasjon om konfirmantopplegget vidare. Undervisning, aktivitetar, fasteaksjon og fotografering m.m.

Undervisning i kyrkja

A og D - klassa:

- Torsdag 27. februar, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven tilknytta gudstenesta søndag 2. mars, kl. 9.15-12.30, Ikornnes kyrkje, undervisningsgudsteneste
- Laurdag 8. mars, kl. 11.00-12.00, Ikornnes kyrkje
- Tirsdag 25. mars, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven

B og C - klassa:

- Tirsdag 25. februar, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven
- Laurdag 8. mars, kl. 12.30-13.30, Ikornnes kyrkje
- Torsdag 27. mars, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven tilknytta gudstenesta søndag 30. mars, kl. 9.15-12.30, Sykkylven kyrkje, undervisningsgudsteneste

I undervisningsgudstenesta er konfirmantane medliturgar og hjelper til med praktiske oppgåver. Det vert øvd på dette torsdag i forkant og ein repetisjon om morgonen før gudstenesta.

Konfirmantane og foreldre/føresette får påminning på sms dagen før.

Undervisnings-laurdag 8. mars

I mars gjentek vi suksessen frå i fjor der det vert undervisning v/Håkon Fagervik.

Undervisninga vert saman med Jonas/Kathrin i Ikornnes kyrkje. Konfirmantane vert delt i to og to klasser. A & D klassa møter kl. 11.00-12.00, B & C klassa møter kl. 12.30-13.30.

Tema for dagen er bøn. Bøn er ein stor del og viktig del av den kristne trua, og eit av emna som er skildra i rammeplanen for konfirmantundervisning. Vi ynskjer derfor å gje

konfirmantane ei djupare forståing av kva bøn er. Og gi dei eit verkty, eller vidareutvikle bøn som verkty, i eiga trusreise.

Vi gledar oss difor for at vi, i år som i fjor, er så heldig å få besøk av evangelisten Håkon Fagervik som har arbeida mykje med dette emnet. Han vil snakke om bøn og dele frå eige liv og erfaringar. Håkon har arbeida mykje med ungdom tidlegare.

Undervisning i smågrupper

Takka vere flotte frivillige i kyrkjelyden/bygda har vi no fått på plass leiarar til undervisning i smågrupper for konfirmantane. 😊 Mange av ungdommane synest slike grupper har vore noko av det kjekkaste i heile konfirmanttida. Her vankar det mykje god mat og snacks, fellesskap og fine samtalar om den kristne trua og livet.

Samlingane vert heime hjå leiarane, fire kveldar pr. gruppe. Det vert ca. 5 konfirmantar pr. gruppe. Inndeling av grupper er gjort med utgangspunkt i kven ein delte rom med på leir. Samlingane vil vare mellom 1,5-2 timar. Leiarane og konfirmantane vert einige om tidspunkt som er høveleg, dvs. dei ulike gruppene vil møtes til ulike tider. Vi eller leiarane tek kontakt etter kvart som leiarane vert klare til å starte opp.


Undervisninga er obligatorisk, så vi ber om at dette vert prioritert. Fråvær vert registrert.

Minner om:

- Oversikt over gudstenester finn de på heimesidene til kyrkja, det vert og annonsert i NYSS kvar veke. Tredje kvar gudsteneste er på Ikornnes.
- Gudstenesteark skal signerast av prest eller trusopplærar. Kom og finn oss!
- KRIK søndagar frå kl. 17-19, sjå heimesida til kyrkja for datoar eller på KRIK Sykkylven si Facebook side.
- Send sms til 93255873 (Kathrin) om du vil vere med å hjelpe til på aktivitetar. Oversikt finn de på kyrkja sine nettsider <https://www.sykkylven.kyrkja.no/Konfirmasjon> Boksen «Kyrkjelydsarbeid - bli med!» Vi vite i forkant kven som vil vere med på dei ulike aktivitetane, då det er begrensa tal plassar.

Eksempel på aktivitetar ein kan velje mellom:

- Aktivitetsklubb for born med tilretteleggingsbehov, fredagar kl. 17.30-20.00
- Barabbas-samling for 5-åringar – påskefortellinga, den 5. april i Ikornnes kyrkje
- Lage dåpsposar med ulike gåver til dåpsbarna, etter avtale
- Hjelpe til i gudsteneste, etter avtale



IKORNES OG SYKKYLVEN KYRKJELYD

Fasteaksjon – veke 15

Kvart år plar konfirmantane å bidra inn mot Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon. Aksjonen er i regi av sokneråda. Aksjonsforma vert bøssebæring. Konfirmantane vil trenge skyss på rodene, det er fåtal roder som er i gangavstand frå kyrkjene der bøssene vil verte utdelt. Meir informasjon vil kome etterkvart

Nokre foreldre vert satt opp ein ettermiddag/kveld påførehand for å ordne bøsser, roder osv. slik alt er klart sjølve aksjonskvelden. Desse blir ikkje satt opp på foreldrevakter på konfirmantlaurdag 8. mars.

Kappeprøving, øving til konfirmasjonsdagen og fotografering

Kappeprøving osv. vert gjennomført den 24. april frå kl. 14.30-16.30 Sykkylven kyrkje.

Konfirmantane vert delt i grupper etter val av konfirmasjonsdag. Gruppevis vil dei prøve kappe, øve på konfirmasjonsdagen og velje forbøn. Ca. kl. 16. vert det felles fotografering ved Fotograf Lyshol.

NB! Alle bør ha pene sko. Om ein vil ha bunadskjorte eller ikkje, er valfritt. Kappene har ståkragar så det er ikkje nødvendig. Unngå hettegensarar, desse må tas av når bilde vert tatt. Det vert tid mellom dei ulike stasjonane til å stelle seg. Konfirmantane får hjelp med å ordne seg dersom dei treng det.

Konfirmantane får med kappe heim og tek den med på konfirmasjonsdagen.

Konfirmantane/føresette signerer på lån av kappe.

Drikke, enkel mat og snacks/frukt vert tilgjengeleg.

Ta kontakt om det er noko de lurer på? Kyrjekontoret telefon 70 24 69 00, gjerne i kontortida frå kl. 10-14, eller på e-post post@sykkylven.kyrkja.no

*Venleg helsing
Kathrin og Jonas*